# Meland kommune

Abo Plan & Arkitektur AS
Postboks 291
5203 OS

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Larissa Dahl | 26.06.2018 |
| Vår: 18/1645 - 18/14369 | larissa.dahl@meland.kommune.no | |

# Godkjenning- igangsettingsløyve for bygningsmessige arbeid Gbnr 23/585 Løypetona hus 1 felt 3 Frekhaug

**Administrativt vedtak. Saknr: 143/2018**

| | |
|---|---|
| **Tiltakshavar:** | JM Norge AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Abo Plan & Arkitektur AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd. |

## SAKSUTGREIING:

Tiltak :
Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om igangsettingsløyve for delar av tiltaket – bygningsmessige arbeid i samband med oppføring av bustadblokk 1 på gbnr. 23/585, Løypetona felt 3. Vi viser til søknad med vedlegg, journalført motteke 15.06.2018.
Det arealet kor blokk 1 skal oppførast vart nyleg frådelt og har fått Gbnr 23/585 og dermed vert det oppretta ny sak 18/1645. Rammeløyve i sak 16/2412 av 21.10.16 er gjeldande.

## VURDERING:

Nabovarsling:
Tiltaket er nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf . pbl § 21- 3 . Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov- og plangrunnlag:
Det følgjer av pbl § 21-4 tredje ledd at løyve etter plan- og bygningslova kan delast opp i rammeløyve og igangsettingsløyve. Sistnemnde *«kan ikke gis før vilkår i rammetillatelsen er oppfylt, ansvarsrett er tildelt og kontrollomfang er avgjort (…). Igangsettingstillatelse kan deles opp.»*

I rammeløyve datert 21.10.2016, saksnr. DS 332/2016, vart det blant anna stilt følgjande vilkår:

*1. Før det blir gitt igangsettingsløyve må det liggje føre godkjent søknad om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg.*

*2. Plan for lagring av massar skal leggjast fram for Meland kommune seinast ved søknad om igangsetting for bustadblokka. Lagringsplanen må ikkje råka areal utanfor arealet som skal opparbeidast, og plasseringa må ikkje vere til ulempe for eksisterande bebyggelse.*

I søknaden om igangsetting *for grunn-, betong og røyrleggjararbeid på blokk 1 i Løypetona, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 14.11.2017* vert det opplyst at mellomlagring av masser for blokk 1 vil bli plassert i byggjeområdet for blokk 2, og vil bli fjerna i samband med opparbeiding av utomhusarealet for blokk 1.

Meland kommune legg denne masselagringsplanen til grunn, og føreset at den blir fylgt opp. Ved overskudd av massar anbefaler vi å ta kontakt med kommunen for å finne alternativ plassering.

Vatn og avlaup:
Det er godkjent tilkopling til det kommunale vass- og avlaupsanlegget i igangsettingsløyve, datert 21.11.17 i sak 16/2412.

Ansvarsrettar:
Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan journalført motteke 15.06.2018. Ansvarleg føretak står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl kapittel 23.

**VEDTAK:**
*«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd løyve til igangsetting av bygningsmessige arbeid på blokk 1 i Løypetona, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 15.06.2018.*
*Rammeløyve i sak 16/2412 datert 21.10.16 er gjeldande for tiltaket.*

*Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så framt det ikkje er gjeve unntaket.*

*Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan journalført 15.06.2018.*

*Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.*
*Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.*

*****

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein

ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Mynde
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

*Avfall*
*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta. Kopi av Sluttrapport for levering av avfall skal sendast til kommune før mellombels bruksløyve/ferdigattest kan gjevast.*

*Ferdigstilling*
*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

*Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.*

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen<br>sektorsjef teknisk | Larissa Dahl<br>Konsulent |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
GBNR 23/509 - søknad om igangsettingstillatelse bygningsmessige arbeider
Følgeskriv

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jm Norge AS | Damsgårdsveien 69 | 5058 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Abo Plan & Arkitektur AS | Postboks 291 | 5203 | OS |